



Svein Abrahamsen
Liarinder 22
5132 NYBORG

Saksbehandlar
Kjartan Thoresen

Tlf. direkte innval
53483168

Vår ref.
2012/371-2

Dykkar ref.

Dato
14.02.2012

Svar på førespurnad - 228/3 - flytebrygge - Dyrnes - Borgundøy- Svein Abrahamsen

Du ønskjer å plassere flytebrygge på gnr/bnr 228/3. Arealet er i sett av til landbruk- natur og friluftsområde (LNF) i gjeldande kommunedelplan. Omsøkt tiltak vil krevje ein dispensasjon frå arealføremålet LNF, samt byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet. Gjennom rullering av gjeldande kommunedelplan for området vart det sett av eit naustområde (Na-29) som skal stette trongen for sjøtilkomst for Dyrnesklubben. Administrasjonen vil truleg vera negative til plassering av brygge utanfor dette området. Dersom du endrar plasseringa av flytebrygga til Na-29 vil administrasjonen vera positive. Saka må uansett handsamast politisk i Kvinnherad forvaltningskomite, og sendast på klagevurdering til Fylkesmannen i Hordaland.


Send inn søknad om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan, med ev. ny plassering av

flytebrygga på eit kart. Søknaden må nabovarslast.

Ring dersom noko er uklårt.

Med helsing

Kjartan Thoresen
saksbehandlar



Figur 1: Kommuneplanen løyser sjøtilkomst for Dyrnesklubben gjennom Na-29.